



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 25.03.2015**  
**Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus**  
**Klokka 09.00 -12.30**

**Møtte:**

Marta Finden Halset, Torkel Myklebust, Bjørn Laugaland, Edmund Utne, Sigbjørn Hauge, Gustav Løge Fosse,

Forfall: Per Kåre Foss, Anders Ryssdal, Einar Horvei, John Opdal.

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

**Agenda:**

09.00 Saksbehandling i styret.

09.30 Discovery Route ved Barbara Zanoni Utne.

10.00 Saksbehandling i styret.

12.00 Lunsj.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

**Sak 01/15 Meldingar**

Dagleg leiar la fram ei ny melding til møtet:

Ryfylkefondet innvilgar tilskot til Årskonferansen 2015.

Det var slike merknader til meldingane: IS Fjordvegen ventar på formelt svar frå Forsand kommune.

**Sak 02/15 Framhald Profileringsmedarbeidar**

**Vedtak:**

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 forlengjer engasjementet til Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø i nye 2 år og ber no vidare om samarbeid med Hardangerrådet iks.

**Sak 03/15 Årsmøtesaker 2014**

**Vedtak:**

Styret tilrår Årsmøtet 2015 å gjera slike vedtak:

1. Styret sitt framlegg til Årsmelding 2014 vert vedteken.
2. Styret sitt framlegg til Rekneskap 2014 vert vedteken. Underskotet i 2014, stort 77.700 kr , vert dekkja av Eigenkapitalen.
3. Styret sitt framlegg til Handlingsplan 2016 -2018 vert vedteken
4. Styret sitt framlegg til kontingent 2016 vert vedteken
5. Styret sitt framlegg til Langtidsbudsjett 2016-2018 vert vedteke.

**Sak 04/15 Årskonferanse 2014**

**Frå debatten:**

- Det er ønskeleg å ha med ein Høgrerepresentant i korte hovudinnlegg.
- Samferdsel som grunnlag for reiselivsutviklinga på det indre Vestlandet.
- Hanne føl opp Attraktivitetsanalysen til konferansen. Merk at Attraktivitetsanalysen er eit verktøy for medlemmene i IS Fjordvegen.
- Alle i styret må aktivt jobba for å motivera medlemmene til å delta på konferansen.

**Vedtak:**

Styret godkjenner programmet for Årskonferansen 2015 med endringar gjort i styremøtet.

**Sak 05/15 Status Profileringsarbeid**

Hanne orienterte.

**Vedtak:**

Ta med i Fjordvegendrøsen: Reguleringsplan Røssliane, Auka Ferjefrekvens Vangsnes - Hella, Rv 13 i Statsbudsjettet.



**Sak 06/15 Status Påverknadsarbeid**

Hanne orienterte.

**Vedtak:**

Styret i Fjordvegen jobbar for å få til eit møte med Samferdselsdepartementet og Samferdselskomiteen der ein får fram at Rv 13 er eit nasjonalt prosjekt. Det er viktig å visa den framtidige samfunnsnyttan og verdien av næringane langs Fjordvegen etter oljealderen.

Ein må prøva å få til eit snarleg møte og seinast hausten 2015 for å få midlar på Statsbudsjettet 2016 og innspel til arbeidet med NTP 2018 – 2027.

**Sak 07/15 Status Medlemsutvikling**

Hanne orienterte. Tysdag 14.april får IS Fjordvegen høve til å presentera seg for kommunalutvalet i Stavanger kommune. Det er ønskjeleg at Arne Kleppa og Per Kåre Foss deltek saman med Hanne Sundbø på dette møtet.

**Vedtak:**

Det er viktig å arbeida for fleire bedriftsmedlemmer.

**Sak 08/15 Prioritering vegprosjekt Rute 13.**

**Vedtak:**

Følgjande prosjekt langs Rv 13 vert prioritert arbeid i IS Fjordvegen det neste året:

Rogaland: Rassikring Røsslane, Årdalstunnelen,  
Hordaland: Brattlandsdalen, Rassikring Deildo, Kinsarvik-Bu,  
Sogn og Fjordane: Vikafjellstunnelen.

**Sak 09/15 Prosjekt Brattlandsdalen Nesflaten - Håra**

**Vedtak:**

IS Fjordvegen Rute 13 etablerer «Vegprosjektet Nesflaten – Håra» som eit 3 årig prosjekt i selskapet 2015-2018. Dagleg leiar utarbeider ein prosjektplan med framlegg til organisering i budsjett og finansiering til neste styremøte.

**Sak 10/15 Fast post:  
Gjennomgang av status for Rute 13.**

**Rogaland:**

- Reguleringsarbeidet i Røsslane er i gang.
- Sauda kommune har gjeve innspel til Areal og Transportplan for Haugalandet at Rv 13 skal flyttast via Sandsfjord bru til Sauda og tunnel til Etne og E 134. IS Fjordvegen har vedtak om at Rv 13 går via Brattlandsdalen til E 134.

**Hordaland:**

- Det er store kostnadsutfordringar for rassikring Deildo.
- Turistvegprosjektet skal starta arbeidet med Turistvegpunkt Skjervefossen i 2015.
- Vossapakka er under fullføring. Joberget er klar for oppstart august 2015.

**Sogn og Fjordane:**

- Rassikringa Vik Vangsnes er avhengig løyving i inneverande NTP-periode
- Vikafjellstunnelen kan byggjast i samsvar med føreliggjande planar men utfordringa er finansiering

**Styret set av 17.juni 2015 til eit eventuelt møte for konstituering av nytt styre.**

Leiv Vambheim  
referent